



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Kontakt saksbehandlar

Anne-Britt Halonen, 51 56 89 04

Tildeling av skjønsmidler til innovasjon og fornying 2020

I brev av 3. februar inviterte vi til ein søknadsrunde for kommunale innovasjons- og fornyingsprosjekt med søknadsfrist 31. mars. På grunn av korona-utbrotet forlengde vi fristen til 31. mai. Til saman kom det inn 16 søknader, og samla søknadssum var 15,1 mill. kroner. Fylkesmannen har no fordelt 6 mill. kroner til ti prosjekt.

Søknadsnr.	Prosjekt	Kommune	Tildeling kr
11-20-0013	Digi Rogaland	Stavanger	1 950 000
11-20-0001	Team Levekår	Randaberg	1 000 000
11-20-0005	Kunnskapsløft for kommunene - Etablering av klyngesamarbeid Sør-Rogaland om forskning innen helse og omsorgstjenestene	Stavanger	800 000
11-20-0019	Digitalt ungdomshus i Gjesdal	Gjesdal	650 000
11-20-0024	Implementering av IKOS Digital Tavle	Tysvær	500 000
11-20-0006	Interkommunal skogsforvaltning	Sandnes	300 000
11-20-0004	Digital havmåling	Sandnes	300 000
11-20-0026	Kompetanse i Ryfylke	Hjelmeland	250 000
11-20-0008	Prosjekt Acos på Haugalandet	Vindafjord	200 000
11-20-0014	Innovasjonskonferansen	Sola	50 000
			6 000 000

Om innovasjons- og fornyingsprosjekta

I år har Fylkesmannen lagt fire overordna prioriterte område til grunn for vurdering av søknadene: Miljø og klima, kommunestruktur og omstilling, barn og unge, og samfunnsutvikling. Alle prosjekta som blir tildelte midlar relaterer seg til ein eller fleire av desse områda. Egne retningslinjer frå kommunal- og moderniseringsdepartementet ligger òg til grunn, saman med vurdering av grad av innovasjon, gevinstrealisering, eigenfinansiering, grad av tverrfagleg samarbeid og overføringsverdi.



For å sikra overføringsverdi blir midlane tildelt under føresetnad av at resultatata for prosjekta blir delte med dei andre kommunane i Rogaland. Den årlege innovasjonskonferansen er ein naturleg arena for formidling av nokre av resultatata, og er planlagt arrangert våren 2021. Resultata formidlast òg gjennom prosjektportalen ISORD.

Fellesprosjektet Digi Rogaland får 1.950.000 kroner i prosjektmidlar. Til saman har denne felles satsinga blitt tildelt 9,55 mill. i skjønsmidlar over fire år, der 1.000.000 kroner nyleg vart tildelt som skjønnskot til flaumførebyggjande tiltak. Tildelinga gjeld alle Rogalandskommunane, men blir betalt ut til Stavanger kommune.

Randaberg kommune har blitt tildelt 1.000.000 kroner til prosjektet «Team Levekår», for å etablere eit tverrfagleg og tverretatleg miljøarbeidsteam som skal ha tettare oppfølging med flyktningfamiliar.

Stavanger kommune blir tildelt 800.000 kroner til prosjektet «Kunnskapsløft for kommunene – Etablering av klyngesamarbeid Sør-Rogaland om forskning innen helse og omsorgstjenestene». Prosjektet er eit samarbeid med Time, Sandnes, Eigersund, Hå, Klepp, Gjesdal, Randaberg, Sola og Kvitsøy. Målet er å etablere eit interkommunalt samarbeid om forskning og bruk av forskingsresultat innan helse- og omsorgssektoren.

Gjesdal kommune blir tildelt 650.000 kroner til prosjektet «Digitalt ungdomshus i Gjesdal» for å vidareutvikle og forbetre det digitale ungdomshuset som ble oppretta som følge av koronautbrotet. Prosjektet skal i tillegg etablere eit følgeforskningsprosjekt i samarbeid med NORCE for å styrke kapasiteten kommunen har til å utvikle digitaliserte, tverrfaglege tenester.

Tysvær kommune får 500.000 kroner til prosjektet «Implementering av IKOS digital tavle», som er eit elektronisk verktøy for kompetansestyring.

Sandnes kommune får midlar til to prosjekt. 300.000 kroner går til prosjektet «Interkommunal skogsforvaltning», der målet er å etablere ein felles skogsforvaltning mellom 14 kommunar i Rogaland. 300.000 kroner blir tildelt «Digital havmåling», med mål om å gjennomføre ein casestudie i forhold til vasstandsmåling med utgangspunkt i klimaendringar som økt havnivåstigning.

Vindafjord kommune blir tildelt 200.000 kroner til «Prosjekt Acos på Haugalandet», som er eit samarbeid mellom Vindafjord, Bokn, Haugesund, Karmøy, Tysvær, Sveio og Etne. Målet til prosjektet er å etablere eit nytt samarbeid og fagleg nettverk mellom kommunane om innkjøp og drift av saks- og arkivsystem.

Hjelmeland kommune får 250.000 kroner til vidareføring av prosjektet «Kompetanse i Ryfylke». Prosjektet skal fokusere på kompetansepolitikk og livslang læring der folk bur, og er et samarbeid mellom Hjelmeland, Sauda, Suldal, Strand, Rogaland fylkeskommune og Ryfylke IKS. Prosjektet ble tildelt 470.000 kroner i 2019, som då gikk til Sauda kommune.

Sola kommune får 50.000 kroner i støtte til innovasjonskonferansen, som er ein viktig arena for erfaringsutveksling og inspirasjon til fornyingsarbeid i Rogalandskommunane.

Oppfølging og rapportering

Det er ein føresetnad at kommunar som har blitt tildelt prosjektmidlar rapporterer innan 1. juni 2021. Rapporteringsfristen gjeld òg prosjekt som har fått tildelt prosjektmidlar ved tidlegare tildelingar. Prosjekt som er avslutta skal levere endeleg rapport, med omtale av dei mål kommunen



har nådd, erfaringar med prosjektet, oppfølging i ordinær drift, gevinstrealisering og økonomi. Resultata frå prosjekta må vera dokumenterte for å sikra overføringsverdi og bevisst pengebruk.

Prosjekt som ikkje er ferdige innan rapporteringsfristen skal levere ein undervegs-rapport. Dersom kommunen avsluttar prosjektet i god tid før rapporteringsfrist kan de ta kontakt med saksbehandlar for å få opna for tidlegare rapportering. Rapportering skjer via prosjektportalen ISORD. Legg ved eigen prosjektrapport og -rekneskap.

Prosjektmidlane skal utelukkande gå til formålet som skissert i prosjektsøknaden. Dersom eit prosjekt ikkje har blitt gjennomført som planlagt, og kommunen derfor ikkje har fått brukt tildelte midlar i tråd med søknad, skal kommunen rapportere om dette og midlane betalast tilbake.

Innovasjonsmidlar frå Fylkesmannen skal ikkje gå til vanleg drift, men hjelpa kommunane til å prøva ut løysingar som kan gje betre eller meir effektivt tenestetilbod og styrka kommunane sine ulike rollar. Rapportering og erfaringsdeling er viktige verkemidlar for å få nytte av innovasjonsmidlane i heile fylket.

Vi gjer merksam på at midlane vil koma som del av terminutbetalingane av rammeoverføringa. Dette brevet er eit samlebreve til alle kommunane i Rogaland. Tildelingane blir også lagt inn i den vanlege prosjektportalen ISORD.

Med helsing

Lone M. Solheim
fylkesmann

Jan Petter Stangeland
ass. avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Adresseliste:

Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Eigersund
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård



Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Hå kommune	Postboks 24	4368	Varhaug